

Røyslia (gnr. 83)

I matrikkelen av 1668 er det nemnt eit bruk R o s l i av skyld 1 ½ skinn, som i den tid låg til Holen. Brukaren på Rosli heitte Torkild, og det at bruket vidare var Kongens, tyder på at det nyleg kunne vera rydda i almenningen.

I matrikkelframlegget av 1723 er det sikkert same bruket som er kalla Røslie, for landskylda er just den same, 1 ½ skinn, og nemnelikskapen er heller ikkje til å ta feil av. – Om bruket Røslie er det elles i 1723 fortalt at eigar av bruket var da ”GeheimeRaadinde Housmand”. Men bruket var da busett, og det er fortalt at den årlege utsæden der var 3 skjeeper bygg, og at husdyrhaldet var 3 naut og 3 sauer.

Av kyrkjebøkene går det vidare fram at i 1732 var det J o n som var husfar i ”Røslie”. Det var da dåpsbarn der, og den vesle sonen til Jon vart døypt Ole. Sju år seinare var det A n d e r s som var brukar i Røslie, og sonen hans vart døypt Halvor. Men året etter er det fortalt at Anders Røslie var død.

Ein mannsalder seinare var det i 1763 Halvor og Gunild som var brukarfolk i Røslie. Dei hadde da fått ei dotter som vart døypt Kari. – Husbondsfolka Halvor og Gunild var framleis brukarfolk i Røslie også i 1777. I tidsromet frå 1763 til i 1777 hadde dei da fått 5 born. Det var: 1. Kari f. 1764, død som barn, 2. Kjersti f. 1765, 3. Kari f. 1768, 4. Marthe f. 1774, 5. Ole f. 1777.

Frå sju år seinare går det i 1784 fram at det da var to dødsfall med 11 dagars mellomrom i Røslie. Anders Halvorsen døde den 12. mars, og søster hans, Kari Halvorsdr. døde den 23. mars; båe var i sin beste alder, Anders 21 år og Kari 16 år, så det var sikkert i ein farang av smittsom sjukdom.

Litt om storleiken på bruket Røslie i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det oppgitt at buskapen av store husdyr på garden da var 1 hest og 7 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år ca. 20 tønner. – Etter atter tjuge år var det i 1839 Kristian Kristensen som hadde tatt over og var brukar i Røslie. Ved matrikuleringa av gardane det same året, altså 1839, fekk Røyslia som nymatr.skyld 1 skylddalar, 3 ort 13 skilling.

Men i 1842 var det Lars Kristensen og Arne Olsen som hadde fått skjøte på Røyslia, som dei da selde vidare til Ole Olsen Gjettestad eller Fagstad. – Same året går det elles fram at det i 1842 budde ein annan familie i Røyslia: Kristen Kristensen og Berte Johannesdr., kona hans. Dei hadde da fått ein son som dei gav namnet Gudbrand, og det er i kyrkjeboka opplyst at Kristen Kristensen var ”inderst” på garden. To år seinare er det i 1844 fortalt at ungkar Simen Kristensen Røslie gifta seg med pike Sigrid Olsdr. v. Smerud. Simen var da 25 år og Sigrid 24. To år seinare er det vidare fortalt at Simen og Sigrid budde i Røyslistuen, og at dei da hadde fått ein son som vart døypt Ole.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysninger om gardane. Der er det om ”Røslie” fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid utgjorde 99 mål, og av dette var 24 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen var 1 hest, 5 naut, 9 sauer, og at den årlege utsæden var ca. 4 tønner korn og 6 tn. settepoteter. Eigar og brukar i røyslie i 1865 var Ole Olsen; men i 1871 gav Ole Olsen skjøte til Frants Thronsen på Røyslia for kjøpesum 600 spd. + føderåd

verdsett til 150 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matr.skyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Røislien, som namnet der er skrive, fekk da eige gardsnr., nr. 83, av skyld 2,73 mark, og det var da framleis Frants Thronsen som eigar og brukar i Røyslien.

Frants Thronsen hadde Røyslia til i 1895, da skjøta han garden til svigersonen Jon Johansen for kjøpesum kr. 2 400,- og føderåd til 5-årleg verdi 750 kr. – Jon Johansen var framleis brukar av garden i 1912. Han hadde da tatt namnet John Røislien og var blant dei grunneigarane som gav ei erklæring om at nordre Mesnavatn kunne senkast til 6 meter under den daverande damstokk.

Av handlar med Røyslien i nyare tid tek vi elles med at i 1919 kjøpte Paul Roterudsveen gnr. 83, brn. 2 Stylen av skyld 0,20 mark, og Johs Røislien hadde i 1939 overtatt gnr. 83, brn. 1 Røyslien, der det ved jordbruksregistreringa det same året vart oppgitt at det var eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 50 mål (da).